



Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Trondheim, 22.06.2018

Dykkar ref.:
18011233 Regine Aklestad

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2018/2169

Sakshandsamar:
Hepsø, Marit

Tildeling av tilskot - Lån ein elsykkel - ordning for tilsette

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot av 13.02.2018 med referansenummer 18SEB490. Det er søkt om eit tilskot på kr 73 750. Miljødirektoratet gir med dette ei tilsegn om seinare utbetaling av tilskot på kr 45 000. Tiltaket som blir gitt tilsegn om tilskot er "Lån ein elsykkel - ordning for tilsette".

Beskriving av tiltaket:

"Kommunestyret i Volda vedtok kommuneplanen sin samfunnsdel i 2016, og klima og miljø er eitt av åtte hovudtema i planen. Volda kommune ynskjer å vere ein aktiv pådrivar for at innbyggjarar, næringsdrivande og andre skal ta miljøvenlege val. Vegtrafikken står for 23 % av klimagassutsleppa i Møre og Romsdal, og trafikkmengda er aukande. I tillegg til vaksande utsleppsmengd av klimagassar førar også trafikkmengda til auka støv- og støyproblem, og trafikktryggleiken vert meir krevjande å ta i vare. Målretta arbeid for å auke sykkel-, gang og kollektivtrafikk er viktig for å møte desse utfordringane.

Rådhuset i Volda ligg sentralt plassert i Volda sentrum. Likevel vel mange av dei tilsette å køyre bil når dei skal ut på møter eller andre oppdrag. Administrasjonen vil tilby eit fossilfritt alternativ til kortare jobbreiser, og ynskjer å kjøpe inn elsyklar som kan lånast ut til dei tilsette. Fleire tilsette har etterspurt eit slikt alternativ. Sykkel er ofte eit like effektivt framkomstmiddel som bil, medan det å gå er meir tidkrevjande.

Rådhuset ligg nært fjorden, medan høgskulen, buområda og andre målpunkt ligg på andre høgder. Elsykkel vil difor også vere eit meir attraktivt alternativ enn ein «vanleg» tråsykkel.

KVEN:

Tilsette frå sektor for Utvikling og Teknisk har etterspurt elsyklar. Dei er ofte ute synfaringar i bustadområda eller på bygge- og anleggsområde i nærleiken. Mange tilsette på rådhuset har ofte møteverksemd på omsorgssenteret (600 m frå rådhuset), på skular og barnehagar i nærleiken, eller på høgskulen i Volda (1 km frå rådhuset). Med sykkel kjem ein seg direkte frå dør til dør, og ein treng ikkje leite etter parkeringsplass.

Elsyklane kan leggest inn i kommunen sitt «booking-system» i Outlook, slik at ein kan reservere

syklane på ein enkel måte. Tilbodet vil på den måten vere tilgjengeleg for alle dei om lag 100 tilsette på rådhuset.

KVAR:

Vi ynskjer å etablere ein innandørs sykkelparkering rett ved hovudinngangen. Med denne plasseringa vil syklane vere godt synlege, og eit lett vint alternativ når ein skal ut på oppdrag. Området er ikkje tilrettelagt med straumforsyning, lademoglegheit eller sykkelstativ i dag, men dette er mogleg å få til.

KORLEIS:

Ein må legge ut informasjon om tilbodet på kommunen sin intranettside. Alle syklane må ha sykkelveske, lås, hjelm og piggdekk. Det må gjerast avtale med lokal sykkelbutikk for service og dekkskift. Syklane må profilerast med kommunen sitt kommunevåpen.

"

BAKGRUNN

I 2018 fekk Miljødirektoratet fekk 355 søknader til tilskotsordninga Klimasats - støtte til klimasatsing i kommunane". Samla søkesum var 318 millionar kroner. Ramma for tildeling er 147 millionar i 2018. Det betyr at fleire klimatiltak ikkje får tilskot, og at nokre får mindre enn dei har søkt om.

Føremålet med ordninga er å medverke til reduksjon av klimagassar og omstilling til lågutsleppsamfunnet. Miljødirektoratet har vurdert søknadene i samsvar med kriteria for tildeling og prioritering. Ved prioritering av søknadene har vi lagt vekt på:

- Potensial for reduserte utslepp.
- Grad av innovasjon i omstilling til lågutsleppsamfunnet.
- Overføringsverdi og at potensial for positive ringverknader.
- Realistisk budsjett knytt til kostnader, og plan for gjennomføring og framdrift.
- Ambisjonar for reduserte klimagassutslepp ut over minimumskrav i lover og forskrifter.
- Andre effektar av tiltaket, positive og negative.
- At tiltaket ikkje har rett til støtte frå andre statlege ordningar.

VURDERINGA TIL MILJØDIREKTORATET

Volda kommune har søkt om 73 750 kr til å kjøpe inn 3 elsyklar til utlån for dei tilsette i kommunen. Prosjektet til Volda kommune kan gjere at fleire får testa elsykkel i arbeidstida. Det er ein føresetnad for støtta at syklane òg kan nyttast utanfor arbeidstida, til dømes til og frå jobb.

Elsykkelen aukar rekkevidda til sykkel, og aukar dermed sjansen for at sykling erstattar bilbruk. Utvalet og omsetnaden av el-syklar aukar, men kostnaden for elsykkel er fortsatt høgare enn for vanlege syklar. Det er avgrensa med erfaring frå bruk av el-syklar. Dette kan vere ein barriere for at fleire tar i bruk el-syklar. At fleire får prøvekyre el-syklar kan gje auka bruk.

STØTTEBELØP TIL ELSYKKEL

Miljødirektoratet støttar inntil 50% av kostnaden ved å kjøpa inn el-syklar, og maksimalt støttebeløp er kr 15 000 per sykkel for vanleg elsykkel, og 25 000 kr per sykkel for lastesykkel/transportsykkel, inkludert naudsynt utstyr som piggdekk, hjelm og lås. Dette utgjer totalt 45 000 kr for Volda.

Vi ber kommunen om å laga ein gjennomtenkt plan for bruk og vedlikehald av syklane, slik at dei vert brukt så mykje som mogleg, og bidreg til reduserte klimagassutslepp gjennom å erstatta bilbruk i så stor grad som mogleg. Vi føreset at kommunen har eller set opp system som sikrar at syklane haldast i drift over tid.

KRAV TIL RAPPORTERING OG UTBETALING

Utbetaling skjer seinare, på grunnlag av innsendt reknskap og rapport. Rapportering skjer i elektronisk søknadssenter. Logg på med same brukar som leverte søknaden.

Reknskapet skal vere stadfesta av økonomisjef eller tilsvarande. Dersom det er planlagt kommunal arbeidstid som del av kommunens eigeninnsats reknskapsføres tida med inntil kr 500 per time. Timelister skal ikkje leggas ved reknskapet.

Vi ber om ei vurdering av i kva grad el-syklane har erstatta fossil biltrafikk. Dette kan til dømes rapporterast gjennom ein enkel spørjeundersøking blant brukarane, eller anna kvalifisert vurdering, til dømes dersom kommunen har oversyn over parkering eller bilbruk der el-syklane vert brukt.

FRIST FOR Å AKSEPTERE TILSEGNA

Frist for å akseptere tilsegna er 1. september 2018 . Tilsegna vert akseptert i søknadssenteret. Logg inn med same brukar som leverte søknaden.

Lykke til med arbeidet!

Denne avgjørelsen er ikke et enkeltvedtak og kan dermed ikke påklages, jamfør forvaltningsloven § 2 første ledd bokstav a og b, jamfør fjerde ledd.

Følgjande rapportering er ein føresetnad for tilsegna om tilskot:

Skal leverast	Beskriving	Frist
Delrapport	Sluttrapport, i malen for enkel delrapport sidan tiltaket er lite	01.10.2018

Beløpet vil bli utbetalt innanfor følgjande plan:

Planlagt utbetalt	Beskriving	Beløp
201812	Utbetaling av tilskot	45 000

Tilsegna er gyldig til 01.02.2019. Dersom rapporteringa som vist ovanfor ikkje blir overhalden, fell tilsegna om tilskot bort, og tilsegnsbeløpet vil då bli omdisponert til andre formål.

Dersom føresetnadene for å gjennomføre tiltaket blir endra vesentleg eller fell bort (teknisk/fagleg, økonomisk eller framdriftsmessig), skal Miljødirektoratet ha beskjed med det same.

Vi gjer merksam på at Miljødirektoratet og/eller Riksrevisjonen med heimel i løyvingreglementet kan kontrollere om tilskotet er nytta i samsvar med føresetnadene.

Vi gjer vidare merksam på at Miljødirektoratet heilt eller delvis kan krevje eit eventuelt utbetalt tilskot tilbakebetalt dersom midlane ikkje blir brukte i samsvar med føresetnadene, eller føresetnadene for tilsegna fell bort.

Rekneskapsbilag knytte til gjennomføringa av tiltaket skal oppbevarast i minst ti år, eller i samsvar med rekneskapslova dersom verksemda di er underlagd denne.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Herdis Laupsa
seksjonsleder

Marit Hepsø
seniorrådgiver

Tenk miljø - velg digital postkasse frå e-Boks eller Digipost på www.norge.no.

Kopi:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

. . .